Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Övre Sirdal.

Emne: Brynet.

Bygdelag: — " —

Oppskr. av: E. Valevatn.

Gard: gjeld heile heradet.

(adresse): Dorgefoss.

G.nr. 15 Br.nr. 7 Tveiten bur eg på.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er etter eiga röynsle.

1./ Det vanlege ord for bryne her er „kvasstein." Å bruka kvassteinen til kvessing av ljå eller anna kallast „å bryna". Ordet „hein" var i min barndom for ca. 50–60 år sidan bruka på eit serskilt slag bryne. Heinen vart bruka til kvessing av barberknivar el. likn.

2. No brukast bryner berre av kunststein. I min barndom og ungdom til ca. 30–40 år sidan bruka dei naturstein. Naturleg brynestein har aldri vori funnen her i bygda. ~~Kor~~ den kom frå, veit ~~eg~~ eg ikkje. Den var å få kjöpt hos handelsmennene.

3. Det er slik at alle reidskaper fyrst vert slipt på ein rund slipestein og etterpå kvessa med bryne. Som regel vert steinen driven med vasskraft.

4. Ingen hugsar no eller höyrer fortalt om den tid då ljåen ikkje vart slipt på slipestein. Når skikken å slipå ljåar kom til bygda, kan ikkje nokon fastslå.

168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



5. Eg kjenner ikkji til at det på gardane fanst nokon stein der dei førde reidskapen fram og tilbake for å slipa. Ikkje noko blir kvesst på liggjande stein. Kjenner ikkji noko til slik kvessing.

6. Det er ingen viss tid for kor lenge ein kan bruka ljåen etter kvar sliping. Det kjem an på korleis slåtten er, om det er stein eller sand der ein slår og kor godt „bit" eller kor kvass ljåen er. Til vanleg kan ein bruka ljåen 3–5 timar i god slått og med god ljå.

7. I min barndom fanst det gamle slåttekarar som fyrst brynte ljåen med naturstein og så etterpå kvar gong for over ljåen med eit bryne av hardt tre – „strjukestikka" kalla dei dette trebryne. Kva slag tre det var laga av, veit eg ikkji. Dei bar slik ei strjukestikka med seg i beltet. Det er vel ca. 60 år, sidan eit slikt bryne av tre var i bruk.

8. Dei tek ljåen or orvet når dei sliper den. Det gjer dei alltid. Dei held eggen mot seg når dei sliper ljåen.

9. Når dei bryner ljåen, står den fast i orvet. Er det langorv, set ein andre enden av orvet i marka med ein bryner. Stuttorvet held ein mellom låra.

10. I eldre tider bar dei brynet av naturstein i ein lang smal trekopp som dei kalla „skålp".

11. Brynet blei aldri bore i noko „horn".

12. Ein hadde ein jarnkrok i skålpen og bar han etter denne bakpå i ei lerreim som ein hadde rundt livet, „ei belterreim" som den heitte.

13. I skålpen hadde dei som oftast vatn

2

til å fukta brynet av naturstein med. På bryner av kunststein bruker ein som regel ikkje vatn; heller ikkji ber ein det i skålp. Ofte sputtar ein på brynet til fukting.

14. Eg kjenner ikkji til noko sers namn på det mjölet som kjem fram når ein bryner.

15. Brynesvarta blir ikkji bruka til nokon ting.

16. Er svara på i nr. 15.

17. At brynesteinen skulle bli betre ved å liggja i maurtue eller i jorda er det ingi overlevering om.

18. Eg har aldri höyrt nokor forteljing om at brynet talar.

19. Heller ikkji har eg höyrt at nokon sa noko når dei sputta på brynet.

20. Eg kjenner ikkje til at det har vori eller er bruka å seia fram nokor ramser eller viser under kvessinga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
168